

# Finse


## LIVSENS KALK PÅ NORDRENUT

Det må ha teke lang tid for sniglane på Finse å komma seg til fjells, seks artar er funne så høgt som 1470 m oh. For dei snigleartane som har ytre skal, er kanskje ikkje fjellklimaet det største problemet. Verre er det truleg å finna ein stad med tilstrekkeleg kalk i jordsmonnet til danninga av skalet.

Derfor held snigelen på Finse helst til i sør- og vestvende skråningar inntil kalkriktt fyllittberg, der det gjerne veks vier og frodige høgstaudar. Nordrenut er ein slik stad, og dertil ein kjend forskingslokalitet. Alle snigleartane på Finse er å finna på Nordrenut.

Ein sniglegenerasjon er gjerne lenger i fjellet enn i låglandet. Arten *Vitrina pellucida* (lite bilete til høgre) har ein eittårig livssyklus i låglandet, det vil seia at alle fasar, frå egg til larve og vakse individ, blir unnagjorde på eitt år. I høgfjellet er livssyklusen toårig, kanskje òg treårig somme levestader, eller i ugunstige år, med låg temperatur. Dette er ei tilpassing til kort vekstsesong og knappe livsvilkår elles, ein vanleg strategi mellom dei virvellause dyra i høgfjellet.

Frå skråninga framfor Nordrenut. Finsevatnet og Hardangerjøkulen i bakgrunnen.



Helge Sunde

## FJELLREV

Fjellreven var tidlegare vanleg ved Finse og elles på Hardangervidda. I Ulvik lensmannsdistrikt vart det i lemenåret 1887 utbetalt skotpremie for 137 revar; av dei var 126 fjellrevar. Fjellreven vart freda i Noreg i 1930. Like fullt vart nokre dyr framleis felte. I perioden 1960-75 skaut dei minst 8 dyr i Finseområdet, og samstundes køyrde toget på 10 fjellrevar i dette området.

Då Lågbellertunnelen vart bygd i 1993, var ein fjellrev fast gjest i brakkelandsbyen. Det vanka mang ein godbit frå anleggsarbeidarane i knappe tider. Knappe tider bar fjellreven på Finse hatt lenge - dei siste fjellrevane på Finse ville neppe greidd seg om dei ikkje hadde patroljert jernbanelinja på jakt etter søppel som vart kasta ut or toga. Etter at vognene har fått lukka toalettanlegg, bar mattilbodet vorte ytterlegare redusert. I dag bar Finse inga fast stamme av fjellrev lenger, og arten blir rekna som det mest truga pattedyret i Noreg.

(Foto: Roar Solheim)



## LETTSINDIGE SNIPER OG PRODUKTIVE RØYER



Jan Rabben



Stein Byrkjeland

Det er langt fleire fastbuande på Finse enn banevaktaren og botellsjefen. Faktisk bar ei stamme med gråsporv hatt tilbald i stasjonsområdet i ei årrekke. Tidleg på 1990-talet bekkja jamvel den sjeldne svartraudstjerten (t.b.) på Finse.

Like nedanfor Finsevatnet ligg dei irrgroene Finsefetene, med ein god bekkebestand av den vesle temmincksniipa (t.v.). Vanlegvis reknar ein fuglebestandar i talet på par, men slikt er uråd for desse snipene. Bigami er nemleg utbreidd hos begge kjønn. Hoa legg først eit kull på fire egg, som bannen tek på seg å ruga ut. Så parar ho seg med ein ny make, og det siste eggkullet rugar ho ut. I teorien kan det bli mange etterkomarar av slikt, men med så bektisk livsførsel er det neppe grunn til å tru at temmincksnipen flest blir særleg gamle.

Ikkje mange vatn på Hardangervidda bar andre fiskeslag enn aure, men i Finsevatnet er røya talrik. Ho er lita, men grei nok i steikjepanna. Røya kom til Finse ved eit ubell. Då fiskeriinspektør Birger Aagaard under ein røyetransport kring 1910 skulle skifta vatn på røyeyngel ved Ustevatnet, miste han nokre av dei uti. Dette vart grunnlaget for ein røyebestand som sidan bar spreidd seg oppover Ustekveikja til Finsevatnet.

